

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: S. og Fj.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Jølster

Emne: Gifteferdig ungdom

Bygdelag: Eikås og Gjesdal krinsar.

Oppskr. av: Eirik Hjelmbrække

Gard: Målteig

(adresse): Vassenden Jølster

G.nr. 59

Br.nr. 18

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter andre heimelsmenn

SVAR

1

Det vanlege var at dei gifte seg med folk i bygdi, men det hende òå at dei drog ut um bygdi etter ektemake.

2

Folk hefte seg visst so mykje med at ein gut eller ei gjente gifte seg til grannebygdi.

3

Ja, folket tykte dei burde halda seg til same sosiale laget. På garden Åsen i Jølster var det ein gdelsgut som ikkje fekk garden av di han tok kona si frå eit anna sosialt lag. Dette kalla dei å gifta seg i motskap. Verste klagemålet mot born at plassemannsborn-når dei gifte seg, var at dei ikkje hadde noko med seg, ingen medel. Når både gjenta og guten var plassemannsborn, vart det ofte sagt at det vart nok fatigkassa som fekk "fø(da)" dei.

4

Verst var det nok at guten-brudgomen-var av småfolk.

5

Det var so ymist. Ofte gav dei unge seg for foreldri, men det hende då au at dei unge sette hardt mot hardt. Brita Fonn gifte seg med Ola Fonn mot viljen åt foreldri sine. Faren hennar sette arven hennar inn i bænken på namnet åt borni hennar. Det var straffi ho fekk

6

Det var nok dei som hadde store gardar som vart mest arge når borni deira gifte seg med ei eller ein som

ikkje åtte noko.

7

Då ho Synneve Åsen var fødd,sa bestemori hennar at det var gutar nok åt henne i Nedrebø-dalen. Det har ikkje lukkast å få døme på semje um giftarmål alt medan borni var små.

8

Systerbyte og syskenbyte er kjent i bygdi. Vi har eit syskenbyte i bygdi i dag. Knut Sandal gifte seg med ei gjente frå eit bruk på garden Åsen. ~~Systerxxxxxxx~~ Bror hennar gifte seg med syster hans Knut.

9

Det var nok reine slumpen med syskenbyttet som er nemnt i spørsmål 8. Avtalar um eit slikt byte har eg ikkje fått stadfest.

10

Folket tykte ~~xx~~ det var knapt med folk her når skyldfolk måtte gifta seg. Verst tykte dei det var <sup>at</sup> var/syskenborn slo seg ihop. Dei meinte det var alt anna enn fårelaust. Borni dei fekk, kunde verta åndsveike eller kroppsleg skrale. Dei dømde mildare når tremenningar og firmenningar gjekk til altaret i lag.

11

Har ikkje høyrte gjete at folk var meir redde skyldskap på mannsida enn på kvinnesida

12  
Ja, det hende at born sette seg upp

mot foreldri i giftarmålsspørsmålet. Ei gjente på garden Håheim hadde to friarar, ein frå Åsen og ein frå Nedrebø-dalen. Ho vilde ha han frå Åsen, men faren hennar vilde ho skulde "taka" han frå Nedrebø-dalen. Det hende ein gong at baa friarane kom same dagen til heimen hennar. Faren hennar vilde vakta på henne, so ho ikkje kom seg ut til friaren frå Åsen. Men ho bøygde seg ikkje, vilde ut. Til slutt tok faren tak i skjortekragen hennar. Gjenta strita i mot alt ho vann, so

skjorteknappane spratt of skjorta hennar. Ho kom seg ut, og ho vart gift med Åsen-guten. To mann i Gjedalen vilde gifta/borni sine ihop, men ikkje noko av borni var nógde giftarmålet. Den eine faren gramde seg over dette med den andre faren, sa den andre, eg tenkjer dei godnast når vi nøyder dei koma i same sengi. Dette fekk fedrane til, men borni gav ikkje etter likevel. Dei vart baa gifte med andre.

## 13

Folk lasta nok stundom eit par som gifte seg, og spådde ille um framtidi deira, men det var helst utkome deira dei hadde i tankane.

## 14.

Millommenn var bruka stundom, talsmenn var dei au kalla. Stundom skulde dei telja til og stundom råda ifrå eit giftarmål. Når ei gjente vraka ein velstående gut, eller vilde gifta seg med ein som åtte lite, vart det nytta talsmann no og då.

## 15

Skamskot har ~~wæxx~~ ikkje vore nytta, det folk veit um

## 16.

Ein gut her i bygdi-hanlever endå-vilde gifta seg med ei fatig gardgjente. Foreldri hans var imot giftarmålet. Mor åt guten drog so heim til gjenta, vilde sjå kva hande-lag ho hadde med arbeidet. Det såg ikkje verst ut, og foreldri åt guten gav seg på det då.

## 17.

Born or plassemannsheimar og husmannsheimar var nok fri-are.

## 18.

Enkjone stod nok friare, og "da va eit fæla sprong ette dei", sa folk, helst då enkjor som sat med gard. Karar drog lange vegar-til andre bygder- og fridde til enkjor. Når dei kom til bygdi som gardenkja budde i, spurde dei

folk dei møtte ,

kvar ho "stod" den enkja. Enkja avgjorde nok saki heilt på eigi hand.

## 19

Det hende at unge gutar valde tilårskomme gjentor. Ein gong hende det at brudgomen kom ikkje i brudlaupsgarden brudlaupsaftan, endå alt var tillage med mat og øl. Brudgomen heldt seg i grannegarden, skuldefreista fylgja med korleis det gjekk. Bruri sette seg i høgsetet, og ein av gjestene, ein frisk og lovfull gift mann, sette seg i høgsetet au i staden for brudgomen. Heile natti dreiv dei på med dansing, og med det var høgtidi slutt. Det vart ingi kyrkjeferd. "Bruri" var komi upp i åri. Ei 20 år gamal gjente vart tvinga til å gifta seg med ein 70 år gamal kar. Ho rymde frå han etter dei hadde vore gifte ei tid.

## 20

Gjekk dei 3 gonger rundt stova, og siste gongen fekk dei då sjå ektemaken skulde verta, såg han i stoveglaset. Ein gut såg tenestgjenta på garden, ho sat inni stova og spøta. Ho hadde ikkje vore framme i tankane hans, men no vart det andreleis, og han gifte seg med henne. Det var jolaftan dei gjekk rundt stova. Den kvelden kunde få sjå kven som var "feige" (skulde døy) au.

## 21.

Dei hadde visst råder so dei kunde hugvenda eit anna menneske, t.d. ein gut kunde hugvenda ei gjente. "Tryllefrø" sa ei gamal kone då eg spurde henne um dette. Men ho visste berre dette namnet, ikkje kva det var eller korleis dei bruka det.

## 22)

23

Det var visst ikkje som det skulde vera at ein gut og ei gjente gjekk i lag um dagen, men var det ein flokk av gutar og gjentor, såg folk mildare på det. Ei gardmannsdotter vilde ikkje gå i lag med ein plassmannsson. Det

var nok ei skam,tykte ho.Far åt gjenta sat tungt i det, so han gjekk frå garden.Plassmannen som gjenta ikkje ikkje vilde gå i lag med,hadde odelsrett i bruket og tretta han att ( fekk han att med odelssøksmål).Då han hadde vorte gardeigar og kom til tuns,sa han til kona som ikkje vilde gå i lag med han :Du ~~xxx~~ heldt deg for god til å gå i lag med meg,men no kan du sjå.

(Sp. 22 og 23 har vorte blanda saman her)

#### Nattefriing.

24.

Det er vanskeleg å nemna heilt visst kva tid det vart slutt på nattefriingi,men kring 1920 var det nok ikkje mykje att.

25

Ein søm var med på nattefriing,kalla dei ein nattefriar. Nattelaupar var nok au nytta.

26.

Ein nattlaupar for og rak,stundom til ei gjente,stundom til ei onnor.Ein nattefriar gjekk vel helst til ei gjente,ei han vilde trulova seg med.

27.

Vintersbel gjekk helst gutane kvar for seg.Gjentone låg då på florslemmen.Sengi stod på ein staurshjell,og han var ikkje sø breid.Det var ikkje rom til so mange uppå den hjellen.Andreleis var det um sumaren,når gjentone var på stølen.

28

Gutane måtte vera konfirmera,skulde dei få vera med til gjentone,helst 18 år.Dei gutane som var eldre,vilde ikkje ha med seg ungsbølingar.

29

Det var oftast reine slumpen kven som vart med i flokken til gjentone.Stundom var det 2-3 gode vener

som gjekk i lag, andre tider gutar frå same grenda ,og stundom var det gutar frå grannegrender.

30.

Her ikring var det berre bønder og plassemenn og husmenn. Ein plassmannsson kunde få vera med til gjentone saman med bondesøner.

31

Nei, det var ikkje visse neter gutane gjekk til gjentone, men det vanlege var laurdagskveld eller sundagskveld. Yrkedagskveldar hende det mest ikkje at ein gut gjekk til gjentone.

32

Det var so ymist med samhaldet millom ungdomar i ulike grender og krinsar. Det var sjeldan gutar frå to krinsar gjekk i lag til gjentone, men frå ulike grender i same skulekrinsen hende det ofte.

33

Bondesøner og tenestgutar gjekk i lag til gjentone.

Bondesøner var ofte tenestgutar

34

Det er ukjent her at visse kveldar var "avsett" til tenarane.

35

Sjå sp. 31

36

Nei, det var ikkje sett forbod mot nattefriing ,men det hende visst ikkje at nokon gjekk på friing når det låg lik i be-laget, og ikkje i den stille veka og ikkje tett jol. Ikkje heldt dei danseleikar heller laurdags kveldane

37 - 46

Det som er spurt um i desse spursmåli, er ukjent her.

#### Den einslege nattefriaren

Ein einsleg nattefriar gjekk åleine heimanfrå, vilde ikkje ha nokon med seg, og ingen skulde vita at han gjekk til gjensta-når han hadde friartankar i hovudet.

15453

50

Hadde han truloving i tankane, kunde han gå lenge, um ho tykte vel um han. Var det berre for tidtrøyte han gjekk, vart det ikkje so mange vitjingar.

51

Det var lite i bruk å strø sagflis her, og sameleis med bjølleleiken. Det var dei halvaksne gutane som sette det i sving. Det var helst ein tilårskomen friar dei heldt moro med, og ein som vilde halda det so dult som råd var det var var at/friing han/ute på.

Ei trulova gjente kreta eit belte åt kjærasten og spyta ei topphuve åt han. Guten kjøpte eit kjolety åt gjenta si.

54.

Dei lika det sers dårleg at dei vart bjøllavart heller arge.

55

Foreldri åt gjenta lika det ille at dotteri vart bjølla.

56

Folk rekna med at det var noko millom dei, men visse kunde dei ikkje vera.

57.

Gutane gjekk ofte til stølsgjentene den tidi dei-gjentonene gjekk på stølen. To-tre gutar gjekk ogte i lag. Då skulde dei ha berre ei kosetund med røde og lått. Hadde ein gut godhug for ei stølsgjente og tenkte på truloving, gjekk han åleine, og so seint at han kom til støls etter stølsgjentone var lagde. Ingen skulde sjå han. Han banka då anten døri eller glaset. Han måtte fortelja namnet sitt før ho let upp. Brydde ikkje gjenta seg um gute, let ho han stå ute. Då gjekk han ikkje oftare til den gjenta

111 På kyrkjebakken.

58

58

Nokre gutar i ein flokk kunde tala med

15453

nokre gjentor som au var i ein flokk

59

Nei, gutane hadde ikkje noko å by på

60

Nei, gjentone baud ikkje på kakor.

61

Gjentone måtte venta til gutane kom til dei.

62

Nei, gjentone vara seg vel so dei ikkje synte at dei tykte um ein gut.

63

Gutar som hadde vore av og henta kvannor, tok med seg til kyrkja og gav andre ungdomar, men dette vart nok berre ein sundag for heile sumaren, men det var ingen viss sundag

64

Det var ikkje faste kvileplassar på kyrkjevegen. Før syk-lane kom, kørde dei til kyrkja.

65

Har høyrte um berre ein gong ungdomen dansa 20-30 m frå kyrkjegarden. Presten kom og stod såg på dei ei stund. So heldt han andakt. Har ikkje høyrte nemnt at ungdomen leika nær kyrkja.

Gjestebod saman med eldre.

66

67

I jolehelgi bad tyngdi av folket nokre slektningar heim til seg til jolegjestebod, men dei heldt ikkje store ættegilde, bad sjeldan til seg skyldfolk som budde langt undan. Grannar kunde dei au beda til seg. Dei heldt nok gjestebod både i påskehelgi og pinshelgi, men det var meir uvisst.

68

Helst var det tilårskomme menneske dei bad til seg, men var ungdomar med, so kunde nok dei vera saman og tala



med kvarandre.

69.

Ei 70 år gamal kone trudde det var kleivkona som avgjorde kven som skulde sova saman på flatseng. Kleivkona kom til brudlaupsgarden nokre dagar fyre brudlaupet og skulde styra med både eitt og hitt.

70-73.

Tyngdi av dei eg har spurt, har ikkje høyrte namnet stabbedans nemnt. Andre har høyrte namnet, men veit ingenting um det. Hindreleiken har nokre nemnt, eit leik som var nytta både i dansestovor og i brudlaup, men det har ikkje vore råd å få greide på korleis det gjekk føre. Ein mann likna leiken ihop med folkeviseleik. Dei song når dei leika.

Andre høve der eldre var med.

74

74

Det var ikkje vanleg at dugnad slutta med dans ~~XXXXXXXX~~. Husbonden sjølv laut av stad når det var taktekkjing. Gutane var ikkje litande til det arbeidet. Når dei var ferdige med arbeidet, drakk dei øl, og spela kort, det var <sup>um</sup> nok kunnuge til eit kortlag. Gamlekarane dansa ikkje, til vanleg.

75

Gifteferdige ungdomar var med på ausjonar, men folket gjekk heim når auksjonen var slutt, ungdomen au.

76

Ja, i Førde i Sunnfjord var årleg hestemarknad.

77

Dei unge gutane og gjentone kjøpte ikkje noko sers på marknaden. Dei drog til Førde no og då året igjenom, og kunde kjøpa eit og anna på kvar Førdetur. Dei dansa på marknaden, og der var visst rikeleg med øl og brennevin. Gamlakarane-mange av dei-var au med i dansen. Dei hadde

ikkje danseflake.

78.

Har ikkje høyrte gjete samskotslag her ikring.

Sankomor der ungdomen var mest for seg sjølv.

80.

Av og til baud gjentone gutane inn til gjestebod på stølen, ikkje elles.

81

Det var so ymse. ~~xxxxxxx~~ Oftast tok gutana seg ein tur til støls ubedde, men stundom kunde gjentone beda dei til støls.

82.

Bad gjentone gutane til segfekk dei alltid mat, og var det nokre få gutar som kom sjølvbedde, fekk nok dei au mat.

83.

Gutane i grendi vart bedne, anten dei var få eller mange. Gjestebedet gjekk ikkje på umgang. Det vanlege var nok at gjentone var saman um tilskipingi.

84

Gjestebedet vart alltid halde ei helg, helst ein sundag

85.

Dei dansa på jamnen. Elles spreidde gutane seg, ein eller fleire gutar i kvart sel, sat og skjenta og trøyttetidi på den måten.

86

Svari på spursmåli ovanfor gjeld sankomor på stølen.

87

Stølsgjestebedi var alltid gjentegjestebed.

88

Ungdomen hadde ikkje liknande sankomor som dei hadde jonsokhelgi.

89

Dei drog ikkje ut og skulde eta bær, men gutar kunde taka i veg og leita etter kvannor, men ikkje ein heil flokk, berre par eit/gutar.

90

Nei, ungdomen gjekk ikkje ut og leita etter noko av det som er nemnt i spursmålet.

91

Sundagskveldane um våren samla ungdomane seg på ei slette og dansa. Um sumaren var det ikkje godt å koma saman nede i bygdi, for då var gjentone på stølen.

92

Tilårskomne folk var ikkje med og gjette på ungdomen.

93

Helgedags-ettermiddagane kom ungdomen saman, men ikkje i store flokkar.

94

Her var ikkje anten bryggje eller jarnvegsstasjon.

Om vinteren.

95.

Nei, her var ikkje samskomor visse kveldar. Spursmáli

96-99 er det ikkje noko svar til.

100

Danseleikane tok til 3. joledag og heldt fram til kyn-  
delsmesse. Etter den tid var det godtso slutt, til våren kom.

101

Det var gutane som tinga hus til danseleiken og som skipa huset til-fltte vekk alt som stod i vegen. Mat hadde dei ikkje på danseleikane.

102.

Dei gutane som hadde tinga dansestova, tinga spelemann au.

103

Utlegg hadde dei ikkje med danseleikane til vanleg. Men det hende nok at fatigfolk sette på eller fekk nokre kronor for husleiga. Nokre gutar ytte noko kvar.

104

Då dragspelet kom, hadde folk mykje godt slutta å låna ut hus til danseleikane, so det vart ikkje meir dans enn det hadde vore før

~~105~~

Ungdomen heldt seg av og til i kjelkebakken sundagskveldane. Ski var lite bruka, skeisor au. Men det hende at dei kom saman på isen. Kappkøyning var aldri nytta.

106

Ja, gifteferdig ungdom kunde vera med etter eige ynske på samkomor ungdomen hadde. Ein bonde som hadde tenestgjente, la seg ein sundagskveld i sengi hennar, so han skulfa greide på kva tid gjenta kom att utpå natti. Han las henne inn då ho kom heim. Men dette var ikkje vanleg.

107

Gutane hadde det nok friare.

108

Foreldri vakta vel meir på borni sine enn husbonden på tenarane. Men ungdomen var ikkje so lett å gjeta på. Ofte gjekk dei på florslemmen som dei vilde leggja se, men der hadde dei helgedagskledi og stakk av etter sjølvfolket hadde lagt seg.

109

Helst var det religiøse grunnar foreldre og husbondsfolk nytta når dei vilde halda borni vekke frå natt-samkomor, men moralske au, at dei unge kunde fara ei uferd når dei heldt seg ute saman med gutar nattars bel.

110.

Å nei, det var ikkje sjølv sagt at borni retta seg etter foreldre eller fyresette. Sjå sp. 108.

#### Juletråd.

Det er heilt ukjendt her med rokkemann, låvedumpe o.l.

#### Tillegg

67 : I joli bad ofte folket i heimane inn borni hjå næraste grannane og gav dei mat.

69 : Det var helst unge folk som låg i flatseng i brudlaup. Dei som låg i seng, fekk kakor og øl på sengi um morgnane. Dei andre fekk ei halv kake

*Himmel menn: Olaus Strand 96 år, Kårmann  
Elias Grimsbø 74 " " "  
Johannes Espeland 78 år " "*